

TUNELLOPNING 17. DESEMBER

Program for dagen:

- Ca. 11.00 – 12.00 Sunnlyven Skulekorps spelar i tunellen medan folk kjem.
Servering av gløgg og pepperkaker
- Ca. 11.50 Dei ulike aktørane (kor/dansarar) er klare på tilviste plassar.
- 12.00 Opningsprogrammet startar
- 12.45 Offisiell opning av tunellen av Fylkesordførar Jon Aasen
Bussane returnerer til Stranda og Hellesylt rett etter opninga.
- 13.30 – 15.30 Folkefest i Stranda sentrum

Felles antrekk for alle deltakarar: Gjerne noko Nisse-aktig. Dansarar som skal vere troll brukar «troll-kostyme» og gjerne ein strikka-genser under. Ha gjerne også nisse-lue som de brukar når de syng i koret.

For elevar frå Stranda

Det vert korøving på dei to fellessongane onsdag 14. des. kl. 15.15 – 16.00 Vi håper dei fleste kan møte. Vi håper dansarane også kan møte på denne korøvinga.

Laurdag 17. har vi sett oppmøte i kulturhuset **kl. 10.15 for korøving**. Bussavgang til tunellen for **dei som skal opptre** er ca. 10.45 frå sentrum (mellom Kulturhuset og Øynasenteret) Denne bussen er for deltakarane og leiarar frå Stranda. *Foreldre/søsken kan følgje denne bussen dersom det er plass. Dei som ikkje får plass i bussen må sjølv køyre til Svemorka og følgje dei oppsette shuttle-bussane. Det er IKKJE mulig å køyre eigen bil til tunellen.*

For at vi ikkje skal ha oversikt over bussane er det viktig at **alle** frå Stranda gir beskjed Marianne Hafsaas om dei vert ved eller ikkje. Eg ber om at også dei som allereie har gitt beskjed kan gjere dette igjen. Det er nok å møte på korøvinga onsdag 14. og gi beskjed der. Om du ikkje kan møte på korøving må du sende melding eller e-post til Marianne innan onsdag. Marianne har telefon 476 28 347 og e-post mariannehafsaas@hotmail.com

For elevar frå Sunnlyven

Kor og korps øver kvar for seg.

Laurdag 17. skal korpset møte 10.30. Bussavgang til tunellen ca. 10.45. Søsken og føresette kan følgje denne bussen så langt det er plass. Resten må følgje dei vanlege shuttlebussane som går frå sentrum frå kl. 11.00.

Med helsing
Trond Otto Berg
Rektor